



Arkivnr: 2015/9420-63

Saksbehandlar: Anne Vedvik

## Delegert saksframlegg

### NY TILDELING AV DROSJELØYVE I BERGEN KØYREOMRÅDE - JANUAR 2016

#### Samandrag

Ved vedtak 20.01.2016 vart 6 ledige løyve tildelt. Ein av søkjarane som fekk tildeling har takka nei til tildelinga. Dette gjeld tildeling av drosjeløyve R-414. Drosjeløyve R-414 vert derfor tildelt til neste søkjar på ansiennitetslista av 16.10.2015 innanfor rammene av tildelingsvedtaket for januar 2016.

I fylgje gjeldande regelverk må søkjarar til drosjeløyve dokumentera at dei har god vandel, tilfredsstillande økonomisk evne og faglege kvalifikasjonar. Dei av søkjarane som på tildelingstidspunktet ikkje har dokumentert desse krava, vil ikkje få tildeling. Desse kvalifikasjonane må oppfyllest før ansiennitetsprinsippet vert lagt til grunn.

Tildelinga skjer i samsvar med yrkestransportforskrifta §§ 43-44.

Søkjar som er tildelt drosjeløyve i fylkesdirektør samferdsel sitt vedtak av 17.02.16 må venda seg til ein av sentralane i Bergen køyreområde for å inngå formidlingsavtale. Det er for tida ingen ledige plassar i Bergen Taxi.

Etter å ha vurdert saka i samsvar med reglane i yrkestransportlova med tilhøyrande forskrift finn fylkesdirektør samferdsel å kunne fatta fylgjande

#### Vedtak

1. R-414 til Jean Paul Kalisa

Rolf Rosenlund  
seksjonsleiar

Anne Vedvik  
seniorrådgjevar

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

## Fylkesdirektør samferdsel, 17.02.2016

### 1. Bakgrunn:

Ved vedtak 20.01.2016 vart 6 ledige løyve tildelt. Ein av søkerane som fekk tildeling har takka nei til tildelinga. Dette gjeld tildeling av drosjeløyve R-414. Drosjeløyve R-414 vert derfor tildelt til neste søker på ansiennitetslista av 16.10.2015 innanfor rammene av tildelingsvedtaket for januar 2016.

I fylgje gjeldande regelverk må søkerar til drosjeløyve dokumentera at dei har god vandel, tilfredsstillande økonomisk evne og faglege kvalifikasjonar. Dei av søkerane som på tildelingstidspunktet ikkje har dokumentert desse krava, vil ikkje få tildeling. Desse kvalifikasjonane må oppfyllest før ansiennitetsprinsippet vert lagt til grunn.

Søkar som er tildelt drosjeløyve i fylkesdirektør samferdsel sitt vedtak av 17.02.16 må venda seg til ein av sentralane i Bergen køyreområde for å inngå formidlingsavtale. Det er for tida ingen ledige plassar i Bergen Taxi.

### 2. Lovheimel

Det fylgjer av yrkestransportlova § 4, andre ledd at ledig drosjeløyve skal tildelast den som har

1. god vandel
2. tilfredsstillande økonomisk evne og
3. tilstrekkeleg fagleg kompetanse

Desse krava må oppfyllest før løyve kan tildelast. Desse basiskrava er kumulative, det vil seia at alle må vera oppfylte før løyve kan tildelast. Desse krav gjeld uavhengig av lengda på ansienniteten. Fylkesdirektør samferdsele har ikkje heimel til å gjera unntak frå desse reglane.

Er det fleire som oppfyller desse krava gjeld ansiennitetsprinsippet i forskrifta § 43, slik at det då vil vera lengda på den einskilde søkeren sin ansiennitet som er avgjerande for tildeling av løyve.

**God vandel** skal i fylgje forskrifta § 6 dokumenterast med politiattest. Ny vandelsvurdering vert gjort kvart tredje år.

**Tilfredsstillande økonomisk evne** inneber at søker skal leggja fram attest frå skatteetaten, attest frå Konkursregisteret og garanti frå bank eller finansieringsinstitusjon.

**Tilstrekkeleg fagleg kompetanse** inneber i fylgje forskrifta § 8 at søkeren må leggja fram vitnemål frå det obligatoriske drosjeløyvekurset.

### 4. Fylkesdirektør samferdsel si vurdering

**Jean Claude Kalisa** har fått godkjend ein samla ansiennitet på 8 år, 6 månader og 5 dagar i fylkesdirektør samferdsel sitt vedtak av 16.10.2015. Jean Claude Kalisa har lagt fram tilfredsstillande attest frå skatteetaten, Konkursregisteret og politiet, samt økonomisk garantierklæring og vitnemål frå drosjeløyvekurset. Etter å ha vurdert saka i samsvar med forskrifta §§ 4-8 finn fylkesdirektør samferdsel å kunne tildela drosjeløyve R-414 til Jean Claude Kalisa.

Det skal vere sett bil i drift på drosjeløyve R-414 innan **17. mai 2016**.